

# Møtebok Skodje sokneråd

**Møtedato: 24.10.2024**

**Møtetid: 19.00 – 21.00**

**Møtestad: Kyrkjebrakka**

**Til stades:** Arnstein Sætre, Bitten Kvilekval, Bente Vadset, Lars Flåte, Knut Bjune, Jan Løkkeborg. Kathinka Møller som observatør i si praksisperiode.

**Forfall:** Ragnvald Holvik, Astrid Josefine Eide, Tove Solheim Kristiansen (permisjon)

**Vedtaksføre: 6**

**Referent:** Knut Bjune

## **Sak 37/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Vedtak: Godkjend.

## **Sak 38/24 Godkjenning av møtebok 19.9.24**

Vedtak: Godkjend.

## **Sak 39/24 Kyrkjebasar 2025**

Skodje bedehus er reservert for kyrkjebasaren **laurdag 22. mars**.

Knut har på oppdrag frå AU arbeidd med å setja saman ein basarkomité. Det hadde ikkje lukkast å få med meir enn ein person utanfor SR og SR vart einige om følgjande **basarkomité: Arnstein Sætre, Bente Vadset, Janne Bjune, Knut Bjune (leiar)** Leiar innhentar informasjon og rutinar frå Anne Lovise Løvås om tidlegare basarar og kallar inn til møte. Han har allereie fått lovnad om praktisk hjelp frå fleire av dei spurde.

Bitten bidreg med strikkeprodukt, Knut Marton med plakatar, Tormod med rigging etc. Oddny og Marit med kaker og praktisk. Innhenting av gevinstar er første prioritet no.

**Vedtak:** Kyrkjebasar vert halden laurdag 22. mars som planlagd.

Basarkomité er: Arnstein Sætre, Bente Vadset, Janne Bjune, Knut Bjune (leiar)

## **Sak 40/24 Rekneskapsrapport og budsjettrevisjon**

Det har ikkje vorte råd å få ut rekneskapsrapport frå kyrkjevergekontoret og saka går difor ut.

## Sak 41/24 Fullmakter til kyrkjestovekomiteen

### Vedtak:

- Lars Flåte representerer SR i komiteen og informerer soknerådet om framdrifta.
- Framlagd skisse over revidert romprogram godkjend.
- Kyrkjestovekomiteén får innvilga ei ramme for prosjektering på kr 200.000 av midlar avsett til prosjektet og ber komiteén gjere avtale med arkitekt Bua om å utarbeide eit utkast

## Sak 42/24 Val av medlemmer til utval

Følgjande utnemnst til medlemer av SR sine utval:

**Diakoniutval:** Tove Solheim Kristensen, Sindre Rasmussen, Lars Lona. Utvalet kan supplerast med fleire medlemer etter framlegg frå utvalet. Tove innkallar til møte.

**NaMu-utval:** Elisabeth Bjørdal Leine, Rita Orheim Engeset, Knut Bjune, Jan Løkkeborg. Jan innkallar til møte.

### Trusopplæringsutval:

SR ønskjer å vidareføre eit trusopplæringsutval. Knut kontaktar tidlegare medlemer med spørsmål å ta ein ny periode. I tillegg kom det fram forslag til andre personar som kan spørjast. Framlegg til trusopplæringsutval laggjast fram på neste møte.

## Sak 43/24 Eventuelt:

- **Brannvernrutinar:** Skal gjennomførast ein gang i året. Det er allereie gjennomført med stab iflg soknepresten, men det trengs og gjennomgang med kyrkjevertane. Det er driftsleiar i samarbeid med kyrkjetenar som skal initiere dette og soknerådet ber om at dato for brannvernrunde med frivillige vert sett opp.
- **Vedlikehald av kyrkja.** SR ventar på avtale om synfaring av kyrkja med driftsleiar Arnstein Myklebust. SR informerast når synfaring er fastsett, slik at dei som ønskjer det, kan vere til stades.

### Informasjonssaker:

- Kantor Marc Labruijere var invitert til å samtale om det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet frå kl 20. Det vart ein interessant samtale om tankar og idéar for det vidare kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelyden og SR ser fram til eit godt samarbeid med både kantor, stab og råd.

Referent: Knut Bjune